



Erstad & Lekven Utbygging AS
Paradisalléen 8
5232 PARADIS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1385 - 20/7697

Saksbehandlar:
Morten Mangerøy Helland
morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no

Dato:
12.02.2020

Løyve til reseksjonering gbnr 188/769

Vedtak:

I medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar, vert reseksjonering av gbnr. 188/769 godkjent slik det er søkt om. Reseksjoneringa fører ikkje til endring i sameigebrøk eller føremål.

Saksdokument:

- Søknad om reseksjonering
- Samtykkje til reseksjonering frå alle berørte heimelshavarar
- Samtykkje til reseksjonering frå pantehavarar
- Planteikningar før reseksjonering
- Planteikningar etter reseksjonering
- Situasjonsplan

Bakgrunn:

Den seksjonerte eigedomen gbnr. 188/769 utgjer per dags dato eit seksjonssameige bestående av 40 bustadseksjonar.

Reseksjoneringa gjeld ombyting av tilleggsareal mellom seksjonane i form av bodar og parkeringsplass i dei to parkeringskjellarane, j.f vedlagt planteikningar.

Det er innhenta samtykkje til reseksjonering frå alle berørte heimelshavarar og alle aktuelle pantehavarar.

Ingen av sameigebrøkane skal endrast i reseksjoneringsaka.

Sidan det bare er areal/volum i seksjonane som overføres til andre seksjonar, og stemmetalet ikkje aukar, er det ikkje innhenta underteikning frå styre eller andre enn dei berørte i sameige.

Alver kommune

Bygning

J.f situasjonsplan og planteikningar er det 3 bygningar på eigedomen. Alle tilleggsareal som er omfatta av denne reseksjoneringa ligg i parkeringskjellarane i bygg med adresse nr. 77 og 79. Alle seksjonar har tilkomst til tilleggsareal for sin seksjon over fellesareal.

Vurdering:

Kommunen finn at søknad om reseksjonering for gbnr. 188/769, oppfyller krava i lov om eigarseksjonar, og tilrår å godkjenne reseksjonering slik omsøkt.

Vidare saksgang:

Vedtaket vert sendt rekvirent med rett til klage jf. Forvaltningslova. Saka vert matrikkelført og faktura for sakshandsaming og tinglysing vert sendt rekvirent. Saksdokument saman med melding til tinglysing vert sendt kartverket når klagefristen på 3 veker er ute. Ved retur av tinglyst dokument frå kartverket, vert matrikkelbrev for eigedomen etter reseksjonering saman med saksdokumenta sendt rekvirent.

Gebyr:

Søklar ber kostnad med sakshandsamingsgebyr for seksjonerings-saka etter gjeldande regulativ og dekkar kostnad knytt til tinglysing av saka.

Klage:

Klagefristen er 3 veker rekna frå dagen de mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga og kva endringar de som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Tommy Veland
Avdelingsleiar
Kart og oppmåling

Morten Mangerøy Helland
rådgjevar
Kart og oppmåling

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Planteikningar etter reseksjonering
Planteikningar før reseksjonering
Situasjonsplan
Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak
Søknad om reseksjonering

Kopi til:

Torill Thorbjørnsen

Mottakarar:

Erstad & Lekven Utbygging AS

Paradisalléen 8 5232

PARADIS